



## Referat frå Kviteseid sokneråd Ekstraordinært møte på e-mail 11.12.2024

**Utsendt til:** Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund og Anne Oddny Foldøy. Sigrun Lønning Solvang (sokneprest) og Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant), samt  
1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid

Innkallinga vart og sendt til dei andre varamedlemmene til orientering: Monica Haugestøl (2.v.), Geir Helge Susort (3.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v), og til Prost Asgeir.

Møter ikkje: Kristen Salmelid (kyrkjevevje)

SR-sak 57.24	Permisjonssøknad og oppseiing frå kyrkjevevja	MS
<p>Soknerådsleiar Marit Sørby har 09.12.2024 motteke søknad om permisjon og oppseiing frå kyrkjevevja Kristen Salmelid. (Søknaden ligg ved) Grunnen til permisjonssøknaden er overgang til anna arbeid.</p> <p>Det er rett som Kristen har skrive at vi over tid har vore i dialog om hans framtid som kyrkjevevje her i Kviteseid. Det har nå dukka opp ei stilling som han svært gjerne vil ha og som nokon gjerne ynskjer han til. Det er ei leiarstilling for Norsk Luthersk Misjonssamband i regionen «Østlige Afrika», med plassering i Etiopia. Der hadde Kristen fleire av sine barneår, og i 90-åra var han og kona Elin misjonærar same stad. Misjonssambandet ynskjer å tilsetje Kristen frå 15. juli 2025.</p> <p>Kristen har bestemt seg for at 9-10 år som kyrkjevevje her i soknet er nok for hans del, og at han nå vil overlata stafettspinnen til andre. Han sluttar uansett her i 2025 slik han har orientert soknerådet om tidlegare.</p> <p><u>Saka på dette soknerådsmøtet er om SR vil innvilge søknaden om permisjon frå 15. juli til og med november 2025, eller ikkje.</u></p> <p><u>Så er det vidare viktig for soknerådet å koma i gang med prosessen for å finna ein etterfylgjar så snart som mogleg på nyåret.</u> Dette skal vi i midle tid ikkje forhasta oss med. Soknerådsleiar har lufta saka for prost Asgeir Sele. Han ynskjer å delta på soknerådet sitt fyrste møte på nyåret, og drøfte denne saka og moglege løysingar med rådet. (Meir om dette i innkallinga til neste møte).</p> <p>Utlysing av etterfylgjar og komité for handsaming av saka kjem vi difor tilbake til på soknerådsmøtet 30. januar 2025.</p> <p><b>Soknerådsleiar si innstilling til vedtak:</b> Soknerådet innvilgar kyrkjevevja Kristen Salmelid si søknad om permisjon frå 15. juli til og med november 2025. Permisjonen er ulønt.</p>		

Samstundes er soknerådet informert om at kyrkjevevja tar ut resten av ferien sin for 2025 i desember same år, og at han såleis ikkje kjem tilbake til arbeid på kyrkjekontoret etter 14. juli 2025. Soknerådet tek Kristen si oppseiing frå stillinga som kyrkjevevja i Kviteseid sokn frå og med årsskiftet 2025/26 til etterretning.

### **Svar på mail:**

- Astrid Breivik 11.12.2024: Jeg er enig i innstillingen som ligger i innkallingen. Ønsker Kristen all mulig lykke til i ny jobb 🙌 Astrid
- Knut Gjersund 12.12.: Hei. Eg stør forslaget til vedtak som ligg i innkallinga. Lukke til i ny jobb Kristen.
- Sigrun Moen 12.12.: Hei! Eg støttar framlegg til vedtak som ligg i innkallinga. Ynskjer Kristen alt godt i nytt arbeid. Sigrun
- Anne Oddny Foldøy 12.12.: Eg kan ikkje anna enn å stø innstilling til vedtak. Det har vore stor openheit om dette nye vegvalet frå Kristen. Me kjem til å sakne deg og Elin, men ønsker dykk baa ei spennande reise mot Afrika og nye utfordringar. Må Gud,s nærleik vera med dykk i alle dagar. Anne Oddny Foldøy
- Solveig Løfgren 12.12.: Eg vil støtte denne søknaden, og ynskjer Kristen lykke til med nye oppgåver!
- Sigrun Lønning Solvang 13.12.: Eg støttar også søknaden, og ynskjer Guds velsignelse over ny teneste frå aug.2025.
- Dagfinn Køhn 13.12.: Tiltredes! Dagfinn
- Marit Sørby støtter forslaget til vedtak i og med at innstillinga var hennar.

Kyrkjevevja reknar med at dette er oversikt over alle som har svara og beklagar viss nokon har svart som ikkje er med her.

### **Vedtak:**

Soknerådet innvilgar kyrkjevevja Kristen Salmelid si søknad om permisjon frå 15. juli til og med november 2025. Permisjonen er ulønt.

Samstundes er soknerådet informert om at kyrkjevevja tar ut resten av ferien sin for 2025 i desember same år, og at han såleis ikkje kjem tilbake til arbeid på kyrkjekontoret etter 14. juli 2025.

Soknerådet tek Kristen si oppseiing frå stillinga som kyrkjevevja i Kviteseid sokn frå og med årsskiftet 2025/26 til etterretning.

**Innstillinga er einstemmig vedteke.**